



**voss**kommune

# KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbudskonkurranse  
etter del I og II i forskrifta

Rammeavtale for  
elektriske tenester og elektromateriell

2-årig rammeavtale  
(+ opsjon 1+1 år)

Saksnr: 19/00380

1	GENERELL SKILDRING .....	3
1.1	Om oppdragsgivar .....	3
1.2	Skildring av oppdragsgivar sine behov .....	3
1.3	Deltilbud .....	3
1.4	Viktige datoar .....	4
1.5	Kommunikasjon og tilleggsinformasjon.....	4
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....	5
2.1	Anskaffingsprosedyre .....	5
2.2	Krav til arbeids- og lønnsvilkår.....	5
2.3	Offentlegheit og teieplikt .....	5
2.4	Vedståingsfrist .....	5
2.5	Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar .....	6
3	KVALIFIKASJONSKRAV .....	6
3.1	Skatteattest.....	6
3.2	Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling .....	6
3.3	Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet .....	7
3.4	Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren .....	7
4	TILDELINGSKRITERIUM .....	7
5	Innlevering av tilbod og tilbodsutforming .....	8
5.1	Innlevering av tilbod .....	8
5.2	Utforminga av tilbodet.....	8
6	Vedlegg.....	9

# 1 GENERELL SKILDRING

## 1.1 Om oppdragsgivar

Voss kommune inviterer med dette til konkurranse.

Informasjon om Voss kommune finn ein på [www.vosskommune.no](http://www.vosskommune.no)

Avtalen vil gjelda for Voss kommune og Granvin herad. Frå 2020 vil desse kommunane slå seg saman, og rammeavtalen vil bli overført til nye Voss herad.

Kontaktperson hos oppdragsgivar er:

Namn:	Geir Egil Flatabø
e-post	<a href="mailto:geir.e.flatabo@voss.kommune.no">geir.e.flatabo@voss.kommune.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen. Via Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.2 Skildring av oppdragsgivar sine behov

Voss kommune og Granvin herad ynskjer å inngå rammeavtale på kjøp av elektriske tenester og elektromateriell. Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av vedlegg 1 til kontrakt. For større prosjekt med verdi over 100.000,-, kan rammeavtalen nyttast, men oppdragsgivar tek atterhald i retten til å gå ut på nytt og innhente eigne tilbod.

Voss kommune og Granvin herad kjøper samla tenester og materiell for ca. 2 mill. årleg. Dette er eit estimat og ikkje eit beløp oppdragsgivar forpliktar seg til. Fordeling ca. 50/50 mellom arbeid og materiell.

Det vil bli inngått parallelle avtalar med 2-3 leverandørar.

Oppdragsgivar tek atterhald om å nytte spesialkompetanse på enkelte oppdrag dersom dette har klare fordelar.

## 1.3 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

## 1.4 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	05.03.2019 kl. 12.00
Frist for å levere tilbud	12.03.2019 kl. 12.00
Tilbudsopning	12.03.2019 kl. 13.00
Evaluering	Veke 11 og 12
Eventuell dialog/forhandling	Veke 12 og 13
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Veke 13
Karensperiode	7 dagar
Kontraktsinngåing	Veke 14 - 15
Vedståingsfrist for tilbudet	3 månader frå 12.03.2019

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter tilbudsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbudet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 1.5 Kommunikasjon og tilleggsinformasjon

All kommunikasjon i prosessen skal føregå via Mercell-portalen.

Dette for at all kommunikasjon skal verta loggført. Når du er inne på konkurransen skal du velje fanebladet 'Kommunikasjon'. Klikk deretter på ikonet 'Ny melding' i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgivar og trykk på 'Send'. Oppdragsgivar mottek så meldinga di.

Om spørsmålet angår alle tilbydarane vil oppdragsgivar besvara dette anonymisert ved å gje svaret som tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet 'Kommunikasjon' og deretter under fanebladet 'Tilleggsinformasjon'.

## 1.6 Avlysing og forkasting

Kjøpar er ikkje forplikta til å godta nokon av tilboda, dersom ingen av dei innkomne tilboda er å sjå på som rimelege.

## 1.7 Kontrakt

Difi sin kontraktsmal for kjøp av tenester – rammeavtale blir nytta. Sjå link

<https://www.anskaffelser.no/verktoy/kontrakter-og-avtaler/kontrakt-kjop-av-tenester-rammeavtale>

## **2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN**

### **2.1 Anskaffingsprosedyre**

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som leverer tilbod i konkurransen. Forhandlingane vil kunne gjelde alle sider av tilboda. Utveljinga av kven det vil forhandlast med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir planlagt å ha forhandlingar med maksimalt 3 leverandørar.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

Leverandøren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

### **2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår**

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### **2.3 Offentlegheit og teieplikt**

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

### **2.4 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor.

## **2.5 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på Doffin.no. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

Skriftleg førespurnad om tilleggsopplysningar skal merkjast med namnet på konkurransen og sendast til oppdragsgivar sin kontaktperson pr e-post.

## **3 KVALIFIKASJONSKRAV**

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava.

### **3.1 Skatteattest**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.</li></ul>

### **3.2 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling**

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Norske selskap: Firmaattest</li><li>• Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.</li></ul>

### 3.3 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	<ul style="list-style-type: none"><li>Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.</li></ul>

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

### 3.4 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Krav	Dokumentasjonskrav
Skal ha god nok kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Det kan førekome arbeid på fleire stader samstundes.	Beskrive sin organisasjon, tal på tilsette og anna relevant informasjon som viser selskapets generelle kompetanse og ressursar.
Leverandøren skal ha offentleg godkjenning for å kunne utføre og vedlikehalde elektriske anlegg. Krav at leverandøren er registrert i DSBs sentrale register (el-virksomhetsregisteret). (Det er og eit krav at leverandøren skal kunne levere tenester som krev EKOM kvalifikasjonar.)	Dokumentasjon DSB godkjenning. Dokumentasjon på at leverandør kan levere tenester som krev EKOM kvalifikasjonar.
Det vert stilt krav til fagbrev som elektrikar, og lærlingar med lærlingkontrakt Personell til denne avtalen skal kunne beherske norsk munnleg og skriftleg	Dokumentasjon på faglege kvalifikasjonar til personell: fagbrev og lærlingar. Eigenerklæring på at personell beherskar norsk munnleg og skriftleg. Det skal til ein kvar tid vera ein person som beherskar norsk på eit oppdrag.

## 4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria angitt i prioritert rekkjefølgje:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris	<ul style="list-style-type: none"><li>Ferdig utfylt prisskjema</li></ul>
Responstid	<ul style="list-style-type: none"><li>Oppgje responstid på respektive oppdrag til Voss sentrum</li></ul>

## 5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

### 5.1 Innlevering av tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk via [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan tilbodsfristen.

Tilbod som vert levert for seint vil bli avvist. Systemet tillet ikkje å senda inn tilbod elektronisk via Mercell etter tilbodsfristen utløp.

Er du ikkje brukar hjå Mercell eller har du spørsmål knytta til funksjonalitet i verktøyet, ta kontakt med MercellSupport på tlf 21 01 88 60 eller på e-post [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

### 5.2 Utforminga av tilbodet

Følgjande dokument skal leggjast ved under fanebladet 'Dokumenter' i Mercell-portalen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief. (Ligg vedlagt.)
- Prisskjema
- Evt atterhald
- Skatteattest
- Firmaattest
- Kredittvurdering
- Dokumentasjon til punkt 3.4



## **6 Vedlegg**

- Tilbudsbrev
- Kravspesifikasjon
- Prisskjema

# TILBODSBREV

Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen.

Firmanamn:			
Org.nummer:			
Postadresse:			
Besøksadresse:			
Telefonnummer:			

Kontaktperson:			
Telefonnummer:		Mobilnummer:	
E-postadresse:			

Leverandøren nemnt over gir med dette vedlagde tilbud i samsvar med dei vilkåra som kjem fram av konkurransegrunnlaget.

Vi vedstår oss tilbudet vårt til den datoen som er angitt i konkurransegrunnlaget. Tilbudet kan akseptertast av oppdragsgivar når som helst fram til utløp av vedståingsfristen.

Stad

Dato

Underskrift

Namn med blokkbokstavar

## **Vedlegg 1 Kravspesifikasjon**

Kontrakt vil gjelde i 2 år frå inngåing av kontrakt, med opsjon på forlenging av avtalen med dei same vilkåra med 1 + 1 år. Opsjon vert forlanga automatisk med 1 år dersom ikkje leverandør mottek skriftleg oppseiing 2 månader før utløpsdato. Kontrakten skal maksimalt vare i 4 år.

Oppdragsgivar vil inngå parallell rammeavtale med 2-3 leverandørar. For større prosjekt med verdi over 100.000,-, kan rammeavtalen nyttast, men oppdragsgivar tek atterhald i retten til å gå ut på nytt og innhente eigne tilbod

### **Behov:**

Leverandøren skal levera serviceoppdrag på elektrikertjenester, materiell samt og nyinstallasjonar. For større oppdrag over 100.000,- kan rammeavtale nyttast, men oppdragsgivar tek atterhald i retten til å gå ut på nytt og innhente tilbod. Oppdrag i tilknytning rammeavtalen kan vera blant anna:

- Sterk- og svakstraumsinstallasjonar, gjeld og tilknytt byggautomasjon og VA-anlegg med overvaking
- Utviding og endringar på data spreienett o.l. (Voss kommune sine krav til spreienett skal leggjast til grunn for kvaliteten på arbeidet)
- Utviding og reparasjon av elektriske anlegg, gjeld og mindre nyinstallasjonar
- Tilstandsrapport for elektriske anlegg
- Kontroll av elektriske anlegg, inkl termofotografering.

### **Avtalens omfang:**

Mengde er estimert 2 mill per år med anslagsvis fordeling av arbeid/materiell 50/50. Estimert er ingen forpliktelse.

Som hovudregel planlegg oppdragsgivar å kjøpe naudsynt materiell frå leverandør på dei ulike oppdraga. Dette er ikkje ein forpliktelse, og oppdragsgivar skal ha rett til å skaffe materiell sjølv, der leverandør utfører arbeidet. Oppdragsgivar skal ikkje kjøpe materiell frå ein leverandør på denne avtalen, og la ein annan leverandør på same avtale utføre arbeidet.

### **Leverandørens plikter:**

Leverandøren skal til ein kvar tid vera godkjent for utføring av elektriske arbeider.

Leverandøren skal ha eigne servicebilar med naudsyn standard forbruksmateriell til dei vanlegaste reparasjonar.

Dersom leverandør oppdager forhold som oppdragsgivar ikkje har teke med i skildring av oppdrag, pliktar leverandør snarast, og utan ugrunna opphald å melde frå til oppdragsgivar om oppdaga avvik. Vesentlege endringar i oppdraget skal godkjennast av oppdragsgivar på førehand. Vesentlege endringar som ikkje er godkjent av oppdragsgivar på førehand, kan avvisast av oppdragsgivar.

Leverandørens personell som startar på eit oppdrag skal som hovudregel avslutte oppdraget. Auka timebruk pga bytte av personell vert ikkje akseptert.

Leverandøren plikter å ta hensyn til miljøet i alle fasar i utføringa av oppdrag for oppdragsgivar. Med bakgrunn i dette skal leverandør vera aktiv i tilknytning tilråde

eksempelvis materialval og handtering av kjemikalier og avfall. Leverandør skal ha system for avfallshandtering.

I kontrakt vil det bli stilt krav om at personell som skal utføre arbeid på skular/barnehagar skal på førehand ha framvist politiattest.

### **Oppdragsgivars plikter:**

Oppdragsgivar skal beskrive alle oppdrag så detaljert og hensiktsmessig som mogleg. Bestilling skal som hovudregel skje skriftleg for alle oppdrag. Munnleg bestilling skal etterfølgjast av ein skriftleg bestilling innan rimeleg tid. Bestilling via e-post er godkjent.

### **Krav til FDV dokumentasjon:**

Leverandør skal levera FDV dokumentasjon iht gjeldande regelverk. Ved nye installasjonar skal det i tillegg til dokumentasjon på utføring og utstyr, leverast naudsynte skjema og planteikningar i digitalt format. Planteikningar skal leverast i dwg og pdf format.

Ved endring eller utviding av eksisterande installasjonar vil, der dette eksisterer, oppdragsgivar leggje fram eksisterande dokumentasjon og teikningar som grunnlag for revidering.

### **Krav til språk:**

All kommunikasjon, munnleg og skriftleg, mellom partane skal føregå på norsk, som kommunikasjon i møter, utveksling av varsler m.m.. På alle oppdrag skal det til ein kvar tid vera minst ein person (formann) som behersker norsk godt.

### **Krav til materiell:**

Alle varer skal oppfylle forskrift for elektrisk utstyr som er gjeldande til ein kvar tid. Det skal alltid avklarast med oppdragsgivar kva materiell som skal nyttast til kvart einskild oppdrag. Som hovudregel skal det nyttast same fabrikat og utforming som resten av bygget.

### **Leverandørens priser på materiell:**

Det vert gjeven ein fast påslagsprosent på all materiell som vert nytta i tilknytning til utføringa av bestilte oppdrag. Påslagsprosent skal vera på leverandørens netto innpris. I netto innpris ligg alle kostnader verdørande materiell (frakt, emballasje, miljøavgifter og liknande.) Kommunen kan be om dokumentasjon frå leverandør på netto innpris om ynskjeleg.

### **Påslaget er 22 %.**

Dersom materiell må sendast/leverast utanom normale transport rutiner, og dette skuldast forhold som ikkje kan klandrast leverandør, dekker kommunen eventuell meirkostnad i tilknytning leveringa.

Påslagsprosenten skal vera på leverandørens oppnådde innkjøpsprisar gjennom sine ordinære innkjøp gjort til øvrig drift. Mellom løysingar som gjer at netto innkjøpspris blir auka vert ikkje akseptert.

## **Vedlegg 2 Prisskjema**